



Den norske kyrkja
Kyrkjeleg fellesråd i Øystre Slidre

Til Det kongelige fornyings-, administrasjons- og kirkedepartement
Kirkeavdelingen
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo

Høring i samband med forslag til endringar i gravferdsforskrifta.

Fellesrådet i Øystre Slidre har handsama forslaget til endringar i gravferdsforskrifta i fellesrådsmøte tysdag 11.09.12 og gjorde dette vedtaket i sak 18 / 12:

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd har gjennomgått forslaget til revidering av gravferdslovas forskrifter. Vi erkjenner vårt ansvar for god gravferdsdrift og har lagt vekt på signal både frå publikum, kyrkjegard- og administrativt tilsette i vår vurdering.

Stort sett vil ein si at forslaga gir fridom til at ein kan gjere sine val ut frå ynskjer og behov lokalt, men det krev ei vaken gravferdsmynde/fellesråd og "myndige" tilsette både no og i framtida.

Fellesrådet i Øystre Slidre ber om innskjerping i to kapittel.

Kapittel 3: Ein ynskjer IKKJE at det skal gjevast dispensasjon frå kravet om kiste (3.3)

Kapittel 8: Ein ynskjer IKKJE at det skal vere mogelegheit for dispensasjon når det gjeld å ha kyrkjegardbetening tilstades ved gravlegging, med andre ord ynskjer ein nytt punktum til §12 andre ledd slik: En representant for gravplassen skal være tilstede under gravlegging.

Heggenes 08.10.12

Med helsing

Anne Nora Alund
Kyrkjeverje

Besøksadresse:
Tingvang
2940 Heggenes

Tlf sentralbord: 61 35 25 00
Tlf direkte: 61 35 25 76
Faks: 61 35 25 01

Kontonr: 2135.07.16367
Organisajonsnr.: 976 989 589

e-post: anne.nora.alund@oystre-slidre.kommune.no